

## Forskrift om permisjon frå grunnopplæringa Vindafjord kommune

Fastsett av Vindafjord kommunestyre 18. juni 2024, sak 038/24, med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 2-2.

### § 1 Formål og verkeområde

Forskrifta gir informasjon om reglar for permisjon frå grunnopplæringa.

Elevane har, etter opplæringslova § 2-2 plikt til å møta på skulen dei fastsette skuledagane.

Forskrifta gjeld for alle elevar ved alle grunnskular i Vindafjord kommune.

### § 2 Vilkår for permisjon

Elevar kan kun få permisjon dersom opplæringa samla sett er forsvarleg.

Kvar enkelt søknad vert handsama individuelt. Rektor/einingsleiar ved skulen vurderer om ein elev får innvilga permisjon. Døme på kva kriterier skulen vurderer etter:

- Eleven si læring
- Skulen sitt undervisningsopplegg i permisjonstida
- Eleven sitt tidlegare fråvær

Det vert ikkje gitt permisjon i periodar med førebuing eller gjennomføring av:

- Nasjonale kartleggingsprøvar 1.-3. trinn
- Nasjonale prøvar 5., 8. og 9. trinn
- Tentamen og eksamen på ungdomstrinnet

### § 3 Øvre grense for permisjon

I grunnskulen i Vindafjord skal det ikkje innvilgast permisjon i meir enn 10 skuledagar per skuleår. Rektor ved skulen kan innvilga permisjon i inntil 10 samanhengande dagar. Ved meir enn 10 dagar samanhengande fri må elevane skrivast ut av skulen.

### § 4 Søknad om permisjon

Søknadar som gjeld permisjon for inntil 2 dagar vert handsama av kontaktlærar. Søknadar som omfattar meir enn to dagar, vert handsama av rektor/einingsleiar.

Ein skriftleg søknad må koma skulen i hende i god tid (minst 14 dagar) før fråvær.

For å få permisjon etter opplæringslova § 2-2, må det leggjast til grunn ein søknad som er godt grunngjeven.

### § 5 Iverksetjing og opphøyr

Forskrifta trer i kraft 1. august 2024